

Uskedalen utvikling møtte Bondelaget

30.03.2012



Turisme for kven? Det var eit av spørsmåla som vart stilt på møtet, Her er karmøybuarar i Haugland gamle skule (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedal bondelag gjorde det rette då dei inviterte leiaren i Uskedalen utvikling til lagsmøte i Uskedal bondelag torsdag kveld.

Før ei eventuell innmelding ville dei vita meir om Uskedalen utvikling som organisasjon og kva arbeidsoppgåver det vert arbeidd med.

I drøftinga kom det fram synspunkt på:

- Det å utvikla gode besøksmål som attraksjonar
- Turisme – for kven ?
- Jordvern og sentrumsutvikling
- Ferdsle på merka turvegar og stiar i nærområde og i fjellet
- Planarbeid og det å sikra areale til ny og utvida kyrkjegard

Uskedalen utvikling vart skipa i 1984 med mål om å fremja positive haldningar, samarbeid og samhandling til beste for ei god bygdeutvikling. Forutan styret har ein to ansvarsgrupper (for Gamleskulen og for nettsida uskedalen.no) og to arbeidsgrupper,- dialogforum og gruppe for kultur, turisme og profilering

Uskedalen utvikling har som mål å dobla medlemsmassen frå 50 til minst 100 i 2012 og ein oppmodar lag, organisasjoner og einskildpersonar om å bli medlem.

Dersom andre lag i bygda ynskjer informasjon, kan ein ta kontakt eller ta del på dei opne samlingane. Neste opne møte er onsdag 11. april med tema: Bruk av strandsona.

Av Kristian Olav Bringedal